

## VESTLAND SV

St.Jackobs plass 9  
5020 Bergen

### REVISJONSMELDING OM ÅRSREKNESKAPEN FOR 2020

Årsrekneskapen for Vestland SV er revidert, slik den er lagt fram med balanse per 31.12.2020 og resultatrekneskap for 2020, avslutta same dato.

Det er 2 særlege tilhøve som må kommenterast innleiingsvis:

- 1) Dette er andre året i det samanslåtte fylkeslaget og vedteke budsjett er basert på erfaringstal. Laget har skifta rekneskapssystem, så full teknisk samanlikning med rekneskapen for førre år, kan likevel ikkje gjerast heilt automatisk. (\*)
- 2) Koronapandemien har merkt både laget sin aktivitet og sjølv revisjonsarbeidet. Det siste har vore gjennomført heilt digitalt grunna strenge lokale smitteverntiltak. (\*\*)

Budsjettet for 2020 vart vedteke sett opp med fordeling mellom lagsarbeidet og arbeidet i fylkestingsgruppa, dette er ryddig framstilt i eige rekneskapsoversyn (xls).

Inntekter til lagsarbeidet i Vestland SV var budsjettert til kr **1.427.000,-** og utgiftene til **-kr. 1.337.000,-** med samla forventa overskot på kr. **90.000,-**

Rekneskapstala syner inntekt kr. **1.477.960,-** og utgifter på **-kr. 1.238.940,-**  
Det gjev eit overskot på totalt kr. **239.020,-** (auke på kr 149.020,-).

Budsjettet for Fylkestingsgruppa i 2020 var sett opp med inntekter på kr. **790.000,-** og utgifter på **-kr. 790.000,-** med forventa kr **0,-** i balanse,-

Resultatet syner litt større inntekter på kr. **825.719 -**, utgiftene kom på **-kr.769.390,-**  
Det gjev eit overskot på kr. **56.239,-**

I budsjettet var samla underskot på **-kr. 150.500**, mens rekneskapen syner underskot på **-kr -56.397,-**. At laget / fylkestingsgruppa samla sett har betre balanse, skuldast m.a. auka stemmestøtte og medlemspengar, kontingentar og nøktern drift, dels grunna pandemien.

Føringar mellom dei ulike konti og posteringar, gjer det tidvis vanskeleg å henta ut dei respektive kostandane på ein måte som samsvarar med budsjettet (\*), men sjølv rekneskapen er formelt sett akseptabel.


Me har utført enkel digital revisjon (\*\*) og slik kontrollert hovudposteringar, bankkontoutskrifter m/ skanna kopi av utvalde bilag, vidare resultatrekneskap og balanse. Etter vår vurdering inneheld ikkje årsrekneskapen vesentleg feilinformasjon, den er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit greitt bilete av den økonomiske stillinga i fylkeslaget pr 31.12.2020.

Me tilrår at årsrekneskapen for Vestland SV 2020 vert godkjent, med slikt atterhald:

Dersom nærare bilagsettersyn fører til endringar i rekneskapsresultat og balanse, skal nytt oppsett leggjast fram for årsmøtet 2022.

10.02.2021

  
**Mette Holmeffjord Olsen**  
Revisor

  
**Steinar Øydvin**  
Revisor